

Nynorsk mediesenter

Status pr. 12. 10. 2004



Stolt nynorsk

Dyktig

Frodig

Framfus

Nynorsk mediesenter

Nynorsk mediesenter er eit kurs- og opplærings-senter for nynorsk i radio, fjernsyn og på Internett. Det er NRK som driv senteret, som held til i lokala til NRK Sogn og Fjordane i Førde.

Senteret vart opna av kyrkje- og kulturminister Valgerd Svarstad Haugland 2. sept. 2004.



Dei fem fyrste nynorskpraktikantane er frå venstre : Inger Johanne Sæterbakk, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei står kulturminister Valgerd Svarstad Haugland og leiaren for Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten. (Foto: Hans T. Wiig, NRK)

Ti praktikantar i året

Kvart halvår tek Nynorsk mediesenter inn fem nynorskpraktikantar, som får opplæring i journalistikk og nynorsk, for å bli gode, nynorskbrukande journalistar. Det er ei opplæring etter lære-med-å-gjere-det-metoden, og den fyrste praksisen er i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Seinare dreg nynorskpraktikantane til andre redaksjonar i og utanfor NRK.

Dei fyrste fem nynorskpraktikantane byrja 1. september i år, og dei er : *Inger Johanne Sæterbakk, Orkanger, Svein Ove Hansli, Vinje, Knut Åge Teigen, Jar/Årdal, Eli Bjelland, Stord, og Maria Rivedal, Bergen/Oslo.*

Dei skal vere i Førde ut januar, og det neste kullet byrjar over nyttår.

Nynorsk mediesenter søkjer etter nynorskbrukande ungdom som ynskjer å bli journalistar. Det krevst ikkje utdanning og røynsle frå media, men vi leitar etter samfunnsengasjert ungdom med gode allmennkunnskapar og godt språk. Dei vert tilsett etter søknad med attestar og vitnemål, intervju og studiotest. Praktikantane får løn under opplæringa, men har korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå.

Praktikantstillingane vert lyste ut på nettsida til Nynorsk mediesenter, nettsidene til NRK, tekst-tv og i vekevisa Dag og Tid. For å nå heile landet prøver vi og å få dei kunngjort i distriktssendingane til NRK. I budsjettforslaget er drifta av Nynorsk mediesenter neste år kostnadsrekna til 3,7 mill i 2005-kroner.

- Utruleg kjekt

Lærarar for fyrste kullet til Nynorsk mediesenter er Synnøve Hole og Arild Nybø. Dei har begge 60 % stilling som lærarar ved senteret, og 40 % stilling som journalistar i NRK Møre og Romsdal og NRK Sogn og Fjordane. Begge har lang røynsle med radio, fjernsyn og Internett. I tillegg har vi gjesteførelesarar om ulike emne, og mellom dei som står på den lista er Sylfest Lomheim, Morten Sandøy, Linda Eide, Eva Westvik, Ottar Grepstad og Are Kalvø.



Synnøve Hole, Magni Øvrebotten og Arild Nybø utgjør staben ved Nynorsk mediesenter. (Foto: Jostein Nyfløtt, NRK)

- Det er utruleg kjekt å vere lærar for denne gjengen. Etter år i journalistikken er det spennande å formidle vidare noko av det vi har fått med oss sjølve, seier **Synnøve Hole**. – Praktikantane er over snittet positive, engasjerte og flinke. Dei har allereie vist at dei er i stand til å tileigne seg store mengder lærdom i ekspressfart. No er dei klare for arbeid i redaksjonen, seier Hole.

Kollega **Arild Nybø** legg til at han aldri hadde trudd at det var mogleg å lære praktikantane journalistikk frå grunnen av, og deretter få dei til å bli reporterar, fotografar og redigerarar – på fjernsyn, radio og Internett, på berre eit knapt halvår. – Men med den smittande motivasjonen praktikantane legg for dagen ser eg at det meste er mogleg, seier han.

- Solid opplegg

Inger Johanne Sæterbakk, 23 år: - Det beste med opplæringa er at ho er så praktisk retta med evaluering av eige og andre sitt arbeid i lag med gruppa. Stort utbyte så lagt. Etter fem veker ser eg fjernsyn og høyrer radio på ein heilt annan måte enn før.



Svein Ove Hansli, 28 år: - Praktikantkurset har ei knallbratt læringskurve som vi stødig jobbar og sveittar oss oppover. Vi går ein lystbetont veg mot journalistyrket. Eg tykkjer eg er særst privilegert som får vere med på dette solide opplegget !

Maria Rivedal, 23: - Eg har lært utruleg mykje om media og journalistikk på kort tid. Veldig god opplæring i å høyre lærarane våre fortelje korleis dei har lært det dei kan. Det er veldig kjekt å vere her.

Knut Åge Teigen, 34 år: - Eg opplever opplæringa som grundig, gjennomtenkt og god. Opplæringa er konkret, og det er kort veg mellom teori og praksis. Det går fort i svingane, men eg har lært mykje på kort tid.



Munn og mæle - eit kurstilbod frå Nynorsk mediesenter

Kursverksemda er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter, som skal skaffe inntekter til drifta av senteret. Løyvingane frå NRK skal *ikkje* brukast til kursverksemd.

Nynorsk mediesenter kan tilby kortare kurs i språk, medietrening, formidling og Internett. Kursa vert marknadsførde under omgrepet **Munn og mæle**, for å understreke ynskjet vårt om å gje kursdeltakarane ein trygg og stødig nynorsk, som gjev dei munn og mæle og meiningars mot i dei fleste samanhengar. Det er viktig for oss å gje deltakarane meir kunnskap om media, slik at dei vert tryggare i møte med mediesamfunnet.



Den profilerte programleiaren frå Schrødingers katt, Gry Molvær, leia opninga av Nynorsk mediesenter.

Vi held kursa i Førde eller der oppdragsgjevaren ynskjer å ha dei. Kurstilbodet frå Nynorsk mediesenter vil bli bygt ut etterkvart. Aktive journalistar kan ikkje drive kursverksemd. Difor er det berre leiaren, Magni Øvrebotten, av dei tilsette som kan halde kurs. Men Nynorsk mediesenter leiger inn kurshaldarar alt etter behov.

Stolt nynorsk

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt.

Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiiing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest skal bli trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.



Den no så kjende "luringen" Odd Nordstoga var og med på opninga av Nynorsk mediesenter. Med "Kveldsong for deg og meg" er han den norske artisten som har toppa VG-lista lengst.

Dyktig - frodig – framfus

Dette er dei verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret.

Det skal vere *kvalitet* i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk ; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val.

Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Bumerke

for Nynorsk mediesenter er ei løvetann, laga av grafisk designar Eva Hallaren. Løvetanna og nynorsken har mykje sams om vi tenkjer etter.



Journalist og humorist Linda Eide kåserte om livet som nynorskjournalist på opninga.



Kunstnaren Oddvar Torsheim song "Nynorskens skog" då Nynorsk mediesenter vart opna.

Sagt og skrive om Nynorsk mediesenter :

- Nynorsk mediesenter i Førde kjem til rett tid. Men senteret bør kanskje bli ei stifting for fleire enn NRK.

Leiar av kulturkomiteen, Sonja Sjøli, til Firda 18. 2. 04.

- Nynorsk mediesenter er et viktig tiltak for å profilere nynorsk språk og kultur i det offentlige rom.

Flirtalet i kulturkomiteen i merknad til kulturmeldinga mars 2004

- Den viktigaste føresetnaden for at nynorsken skal overleve er at det blir eit bruksspråk i kvardagen.

Redaktør Bjørn Grov i Firda Tidend 3. 9 2004.

- Nynorsk mediesenter skal blant annet bygge vidare på det arbeidet NRK Sogn og Fjordane har gjort med å lære opp mange nynorskbrukende journalister, som både NRK og andre medieverksemdar nyter godt av i dag.

Kringkastar Kari Werner Øfsti, NRK,
på opninga 2. 9. 2004



Kringkastar Kari Werner Øfsti.

- Lat Nynorsk mediesenter bli ein motor i å fortelje at nynorsk er tøft, nynorsk er fargerikt, nynorsk er saftig, nynorsk er spennande og at nynorsk er den sjølvsikre individualisten sitt kjenneteikn!

Redaktør Svend Arne Vee i Firdaposten 19. 2. 2004

- Media får stadig meir å seie for språket i landet. Nynorsk mediesenter er viktig for å syte for eit godt nynorsk pressespråk.

Språkdirektør Sylfest Lomheim
på opninga 2. 9. 2004.



Språkdirektør Sylfest Lomheim.

- I tider då nynorsken vert pressa frå alle kantar, så trengst det sanneleg eit Nynorske mediesenter!

Unn Aarestad, leiar av Kringkastingsringen
på opninga 2. 9. 2004



- For nynorsken sin status og posisjon er det knapt noko som har meir å seie enn gode språklege føredøme i riksdekkjande etermedia.

Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland i
Sunnmørsposten 3. 9. 04

Kulturminister Valgerd Svarstad
Haugland.

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

